
Saksnr: 2020/60377-2
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.09.2020

TV-aksjonen 2020 - søknad om fylkesbidrag

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 150 000 frå tilleggsøyvingskontoen til TV-aksjonen 2020.

Samandrag

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å løyve kr 150 000 frå tilleggsøyvingskontoen til TV-aksjonen 2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

TV-aksjonen vert dette året gjennomført 18. oktober. Innsamlinga går til arbeid WWF gjer for å kjempe mot plast i havet.

Ein tredel av plasten i havet kjem frå Søraust-Asia. Difor er aksjonsmidlane øyremerka tiltak i Indonesia, Vietnam, Filippinene og Thailand. Målet er å etablere og forbetre eksisterande avfallssystem for meir enn 900 000 menneske.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt tradisjon for å støtte TV-aksjonen. I år går midlane til eit føremål som er høgt prioritert av fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å løyve kr 150 000 frå tilleggsøyvingskontoen til årets aksjon.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Liten effekt

Klima: Eit lite bidrag til å redusere plastutsleppa i havet.

Folkehelse: Liten effekt

Regional planstrategi: Ikkje relevant